



Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 19/8182-1

## Trafikktryggingsprisen 2019

**Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkestrafikktryggingsprisen 2018 vert tildelt: \_\_\_\_\_

Med følgjande grunngjeving:

---

---

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

I fylkestingsak 39/94 vedtok fylkestinget retningsliner for tildeling av «Fylkeskommunal trafikktryggingspris» - Sogn og Fjordane fylkeskommune. I retningslinene pkt. 1 heiter det: Sogn og Fjordane fylke kan kvart år dele ut ein trafikktryggingspris.

Statens vegvesen/fylkeskommunen har søkt etter aktuelle kandidatar til Trafikktryggingsprisen 2019 gjennom annonsar i avisene i fylket, vegvesenet sin Twitterkonto (vegvesenet si facebook gruppe gjeld berre geografiske avgrensa prosjekt), heimesida til fylkeskommunen og skriv til kommunane. Saka er vidare gjort kjent internt i Statens vegvesen, vegavdeling Sogn og Fjordane.

Innan fristen har det kome framlegg på 7 kandidatar til årets trafikktryggingspris. Desse er:

1. Hans Gunnar Hagelin, Sogndal
2. Honningsvåg grendalag v/leiar Asbjørg H. Honningsvåg
3. Audun Heggestad i Trygg Trafikk
4. Vik Ørsta avd. Vik
5. Eli og Torstein Hønsi, Vik
6. Askedalen barnehage AS, Leikanger
7. Kaupanger Idrettslag

Fylkesdirektøren legg saka fram utan tilråding

### **2. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

I fylkestingsak 39/94 vedtok fylkestinget retningslinjer for tildeling av «Fylkeskommunal trafikktryggingspris» - Sogn og Fjordane fylkeskommune. I retningslinjene pkt. 1 heiter det: Sogn og Fjordane fylke kan kvart år dele ut ein trafikktryggingspris.

Trafikktryggingsprisen er på kr. 25 000,-, samt diplom.

#### Historikk – tidlegare tildelingar

Dei tre siste tildelingane av Trafikktryggingsprisen har gått til:

- 2018: Norges Lastebileigarforbud avd. Sogn og Fjordane.
- 2017: Årdal kommune for sitt arbeid med trafikktrygging gjennom mange år. Første kommune i Sogn og Fjordane som vart godkjent som Trafikksikker kommune.
- 2016: Anna og Helge Brakstad for innsatsen for mjuke trafikantar langs fv. 57 ved Heggelund i Gulen.

Fullstendig liste over tidlegare prisvinnarar ligg på fylkeskommunen si heimeside.

### **3. Innkomne forslag**

#### **Kandidat nr. 1: Hans Gunnar Hagelin, Sogndal**

Øyabrekka grendalag i Sogndal v/Ingolf Yttri har fremja Hans Gunnar Hagelin som kandidat. Ingolf Yttri skriv at kandidaten har:

- *teke ansvar for facebookgruppa ja til gang og sykkelsti Sogndal - Årøy, og helde den aktuell for medlemmane*
- *sendt høyringssvar på kommuneplan og fremma trafikktryggingstiltak mellom Sogndal og Årøy som viktige for folkehelse, pendling og friluftsaktivitetar.*
- *sendt høyringssvar til reguleringsplanar i kommunen og foreslått gjenbruk av massar frå tunnelen Loftesnes-Kaupanger til gangveg langs Barsnesfjorden, og omdisponering av ressurane tiltenkt sykkelveg i Gravensteinsgata.*
- *samla grendi i møter for å drøfte betre trafikktryggleik, spesielt for dei mange skuleborna i Kvam.*
- *hatt dialog med aviser for å få fram kor farleg 60-sona i Kvam er for mjuke trafikkantar.*
- *drøfta trafikktryggleiken langs Barsnesfjorden med politikarar for å løfte det fram som sak.*
- *drøfta problemstillinga med interessegrupper som Syklistenes lands forbund.*

*Hans Gunnar gjer dette ikkje berre for eigen og grendi sin del, men fordi ei forlenging av fjordstien til Årøy vil vere eit stort gode for bygdi. Han har gjort arbeidet på ein god måte og inspirert til både diskusjon i grendi og til at fleire syklar eller går frå Årøy/Ølnes/Kvam til Sogndal.*

*Han nyttar vegen sjølv med sykkel og barnevogn sopass ofte at dei faste pendlarane har begynt å ta omsyn når dei passerer. Måten Hans Gunnar har teke ansvar for å betre trafikktryggleiken langs Årøyvegen fortener ei merksemeld, som og kan motivere til vidare arbeid.*

#### Vår vurdering av kandidaten opp mot retningslinene:

Etter retningslinene for Trafikktryggleiksprisen pkt. 2 så kan Trafikktryggingsprisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet.

Av opplysningane i skrivet frå grendalaget går det fram at arbeidet til Hans Gunnar Hagelin så langt dreiar seg om administrative oppgåver; korrespondanse, møter og samlingar i grendalaget. Det er bra at lokale engasjerer seg på denne måten, og vi oppmodar dei om å ta kontakt med vegeigar for å vurdere ulike løysingar. Trafikktryggingseffekten av arbeidet så langt meiner vi likevel er usikker, og vi er følgjeleg òg usikker på om kandidaten stettar retningslinene.

#### **Kandidat nr. 2: Honningsvåg grendalag v/leiar Asbjørg H. Honningsvåg**

Runar Leikanger, Stadtlandet har fremja Honningsvåg grendalag v/leiar Asbjørg H. Honningsvåg som kandidat. Runar Leikanger skriv følgjande:

*Honningsvåg grendalag, ved Asbjørg H. Honningsvåg som leiar bør få trafikktryggingsprisen 2019. Dei gjorde en kjempejobb med å registrere nedfall, danne møter og jobbe for at Strandnipatunnelen vart ein realitet. Utan ein slik imponerande innsats av lokalbefolkinga i grendalaget, ville nok tunnelen ha vorte utsett/ ikkje bygd.*

#### Supplerande opplysningar Statens vegvesen:

Strandnipatunnelen ligg på fylkesveg 633 (no fv. 5750) på Stadtlandet i Selje kommune. Veganleggget vart starta opp i september 2017, og fullført i desember 2018. Det er bygt 595 m tunnel, og 355 m veg i dagen. Tiltaket er eit rassikringsprosjekt.

Vegvesenet sin prosjektleiar på Strandanipatunnelen, Jon Harald Huseklepp, har på oppfordring kome med følgjande supplerande opplysningar/kommentarar i høve grendalaget sin innsats i samband med veganlegget:

*«Grendelaget v/ Asbjørn H. Honningsvåg har vore ein pådrivar for sikker veg til Honningsvåg og ressursperson for SVV i planprosessen og i gjennomføringa. Grendelag deltok i møter og synfaringar på plassen då SVV skulle vurdere tiltak for å sikre vegen til bygda. I møter og synfaring fekk SVV informasjon om vêrforholda av Jarle Teige som har drifta vegen i ei årrekke. For SVV var denne informasjonen svært viktig når det skulle vurderast kva løysing vi skulle planlegge.*

*Under planlegging og bygging av tunnel fekk SVV all den hjelp og støtte vi hadde behov for å gjennomføre prosjektet og byggherre/anleggsfolket vart godt mottekne i bygda. Ei spesiell takk frå SVV til Asbjørn og Jarle som alltid stilte opp og svarte på spørsmål med eit stort smil, "dette fiksar vi". Som representant frå SVV vil eg påstå at dei fortener prisen for eg har ikkje vore på nokon plass før som eg har høyrt om så mange nesten ulukker og frykta som innbyggjarane heile tida har hatt når dei skal passere Kleiva».*

Vurdering av kandidaten opp mot retningslinene:

Etter retningslinene for Trafikktryggleiksprisen pkt. 2 så kan Trafikktryggingsprisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet.

Av skrivet til Runar Leikanger og kommentarane frå vegvesenet sin byggjeleiar går det fram at grendalaget har synt stor iver og lagt ned mykje innsats for å få rassikringsprosjektet på dagsorden, og også bidrege på positiv måte under arbeidets gang. Vi meiner at kandidaten stettar retningslinene.

**Kandidat nr. 3: Audun Heggestad i Trygg trafikk**

Vi har motteke følgjande skriv frå anonym forslagsstiller:

*«Audun Heggestad har gjort ein stor innsats i trafikktryggingsarbeidet i Sogn og Fjordane gjennom veldig mange år. Han har vore synleg, tydleg og vore aktiv for å fremje trafikktryggingsarbeidet. Heggestad har gjort ein spesiell god jobb mot skular og barnehagar, og vore med å setje fokus på arbeidet gjennom å vere der folk er og møte desse på ein positiv måte. Dette har vore gjort gjennom ei praktisk tilnærming, ved å dele ut effektar som er direkte knytt til trafikktrygging og visualisering av situasjonar som kan oppstå.»*

*Heggestad har vore aktiv i media i det generelle trafikktryggingsarbeidet, men også i dagsaktuelle saker som går på trafikktrygging. I sum har dette påverka innbyggjarane i Sogn og Fjordane til å tenke trafikktryggleik på ein positiv måte.»*

Vurdering av kandidaten opp mot retningslinene:

Etter retningslinene for Trafikktryggleiksprisen pkt. 2 så kan Trafikktryggingsprisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet.

Å arbeide for trafiksikkerheit er kjerneoppgåva til Trygg Trafikk/Audun Heggestad. Trafiksikkerheit er ei av kjerneoppgåvene også til politi, vegvesen, kommunar, med fleire. Det er døme på at einskildpersonar innanfor nemnde organisasjonar har motteke Trafikktryggingsprisen:

- 1999: Kåre Ljones, statens vegvesen, for kampanjen «Sei i frå.»
- 1998: Johan Johannesen, politiet, «... for eit engasjement i trafikktryggingsarbeidet utover det sin kan forvente i det daglege arbeidet.»

Vi meiner kandidaten stettar retningslinene.

**Kandidat nr. 4: Vik Ørstad, avd. Vik**

Vi har motteke følgjande skriv:

*Vik Ørsta avdeling Vik har i 50-år utvikla og produsert trafikksikringsløysingar til bruk nasjonalt og internasjonalt. Den kompetansen dei har er verdsleiande og har gjort til at sikringsløysingar, slik som vegrekverka ein finn over alt, hindrar mange alvorlege trafikkulykker og slik reddar mange liv.*

Vurdering av kandidaten opp mot retningslinene:

Etter retningslinene for Trafikktryggleiksprisen pkt. 2 så kan Trafikktryggingsprisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet.

Det er fleire døme på at verksemder har motteke Trafikktryggingsprisen:

- 2010: Statskraft Energi AS, Region Midt, «...for å ha gjennomført kurs for alle tilsette innafor Trafikktrygging som del av internkontrollsystemet.”
- 2009: Leikanger Taxisentral, «...for å ha gitt grunnideen til Trygt Heim.»
- 2005: Magnus Nistad Transportforretning AS, «..for gjennomføring av programmet ”Val av risiko”

Vi meiner kandidaten stettar retningslinene.

#### **Kandidat nr. 5: Eli og Torstein Hønsi, Vik**

Statens vegvesen, Vegavdeling Sogn og Fjordane har føreslege Eli og Torstein Hønsi i Vik som kandidat til trafikktryggingsprisen 2019 med følgjande grunngjeving:

*Inneverande år er det bygt om lag 260 m separat gang- og sykkelveg langsmed riksveg 13 i Vik, fra Gildhus og nordover i retning Voll. Dette som ei forlenging av dagens gang- og sykkelvegsystem i Vik sentrum - Flatbygdi skule - Vik kyrkje. Tiltaket medfører at det no er samanhengende gang og sykkelveg fra sentrum og fram til kryss med kommunal veg til Hønsi, og til privat avkjørsle til 4-5 stk. eidegar på austsida av riksvegen, vis à vis krysset til Hønsi. Strekninga er skuleveg for fleire. Vik kommune har vore byggherre. (Tiltaket er kombinert med div. kommunal infrastruktur; kabelanlegg, vatn- og avløp.)*

*Eli og Torstein Hønsi i Vik har både vore viktige pådrivarar i saka med å få realisert gang- og sykkelvegen, og har «av eigen lomme» bidrige med 1 mill. kr. til tiltaket. For ordens skull opplyser vi at Torstein Hønsi har eidegar i nemnde bustadfelt.*

#### Vurdering av kandidaten opp mot retningslinene:

Etter retningslinene for Trafikktryggleiksprisen pkt. 2 så kan Trafikktryggingsprisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet.

Prosjektet ville ikkje vorte realisert med det første utan den innsatsen dei har lagt ned både økonomisk og som pådrivar. Kandidaten stettar retningslinene.

#### **Kandidat nr. 6: Askedalen barnehage AS, Leikanger**

Lars Ivar Menes har føreslege Askedalen barnehage AS på Leikanger som kandidat. Han skriv følgjande:

*Askedalen barnehage AS ligger langs riksvei 55 på Leikanger og har i mange år hatt fokus på enkle men handlekraftige trafikktryggingstiltak i og rundt barnehagen.*

*I 2011 var barnehagen, i samarbeid med Trygg trafikk, med å utarbeide ideen om trafikksikker barnehage som har blitt landsomfattande og lever godt den dag i dag.*

<https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/>

*For å verte ein trafikksikker barnehage må barnehagen ha utarbeida gode HMS-rutinar i søknaden til trygg trafikk kvart 3 år og i tillegg skal opp til handsaming i barnehagen sitt samarbeidsutval.*

*Resultatet til Askedalen barnehage AS har vorte ein brosjyre som forpliktar personale, barn og foreldre til enkle tiltak i kvardagen som gjer det tryggare å ferdast i trafikken og gjev gode haldningar til både barn og vaksne. Døme er at dei alltid bruker gule refleksvestar når dei er på tur utfor porten, at barna får opplæring og i enkle trafikkreglar, risikovurderinger før turar, at foreldre og barn rygger inn bilane når dei parkerer, at barn og vaksne brukar hjelm når dei syklar og forpliktingar ift bilbelte og korleis dei festar barn i bil.*

*Prosjektet har ført til ein varig endring i barnehagen og dei er med på å skape gode haldningar hjå mange små born og ikkje minst dei vaksne som rollemodellar. At dei har vore med å dele tiltaka med resten av landet er dei stolte over.*

*Barnehagane treng å få betre opplyst parkeringsplass og ny sykkelvogn med plass til born når dei skal på handel.*

*Eg tykkjer dei gjer ein stor innsats for å auke trafikktrygging både førebyggjande ift barns haldningar/opplæring og i tiltaka dei gjer i kvardagen.*

#### Vurdering av kandidaten opp mot retningslinene:

Etter retningslinene for Trafikktryggleiksprisen pkt. 2 så kan Trafikktryggingsprisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og

som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet.

Det er fleire døme på at organisasjonar har motteke Trafikktryggingsprisen:

- 2018: Norges Lastebileigarforbud avd. Sogn og Fjordane for kampanjen «...Venner på veien».
- 2017: Årdal kommune for sitt arbeid med trafikktrygging gjennom mange år. Første kommune i Sogn og Fjordane som vart godkjent som Trafikksikker kommune.
- 2015: Redningsselskapet «...for kurs og liknande med tanke på sjøvett og trygg trafikk til sjøs..»
- 2006: Trudvang skule, Sogndal, «for godt trafikktryggingsarbeid ved skulen»

Vi meiner kandidaten stettar retningslinene.

#### **Kandidat nr. 7: Kaupanger idrettslag**

Vi har motteke følgjande skriv frå leiar i Kaupanger idrettslag:

*Med bakgrunn i innspel frå medlemmer så nominerer eg på deira vegne Kaupanger idrettslag til trafikktryggingsprisen 2019.*

*KIL har vore svært aktive i høve trafikktryggingstiltak og innspel til prosessen rundt riksveg 5 gjennom Kaupanger. Me har delekte på møter, høyringsmøte og spela inn framlegg om nedsett fartsgrense og opparbeiding av gangfelt skriftleg til vegvesenet*

*Klubben har laga interne retningsliner for tryggleik i trafikken ved arrangement, køyring til og frå, sjå: <https://www.kaupangerfotball.no/klubbhandbok>*

*Klubben har hatt fokus på trafikktryggleik i kontakten/møtepunkta med alle tillitsvalde , medlemmer, føresette og andre gjennom møte, info på digitale plattformer etc.*

*Klubben har sett opp skilt, laga fysiske barrierar og brukt store midlar på opparbeiding av parkeringsareal som sikrar eit aktivitetsområde fritt for biltrafikk. Sjå og bilet. Dette har vorte følgt opp av informasjonskampanjar m meir.*

*Klubben har teke på seg å opparbeide sykkel / gangsti inn til området som gjer at du kan sykle / gå heilt til området utan å vere på køyreveg. Dette er laga i samråd med masterplanen for området, og sikrar effektive og gode gangvegar som folk reelt nyttar. I tillegg har me teke ansvaret for areal i tilknyting til idrettsområdet som me skal opparbeide i høve trygg forflytting og leik.*

*Klubben har og vore aktive i alle reguleringsprosessar som omhandlar eigedommar i tilknyting til anlegget. No seinast ved opparbeidinga av Truck-nor sitt anlegg som ligg i direkte forbindelse til anlegget vårt. Der fekk me gjennomslag for vegløysing med full breidde køyreveg, samt 1,5 meter gangveg ved sidan av i området frå austre del av tomta deira og til Kaupanger idrettspark. I ettertid har me vore pådrivar for at kommunen har forlenga brei veg ned mot Shell.*

#### Vurdering av kandidaten opp mot retningslinene:

Etter retningslinene for Trafikktryggleiksprisen pkt. 2 så kan Trafikktryggingsprisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet.

Vi meiner kandidaten stettar retningslinene.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren legg saka fram utan tilråding.